

Merete Haugland overtek i turngruppa

10.03.2009



Merete Haugland er ny leiar i turngruppa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter tre år har Hege Lekva takka av som leiar i turngruppa og Merete Haugland har teke over, for ein toårsperiode. Det skjedde under årsmøtet mandag kveld.

Med seg i gruppestyret har Merete June Løland, Randi Pedersen, Anita Simensen, Janne Hjønnevåg, Anne Grethe Musland, May Kjersti Stensletten og Elin Enes.

Merete har tidlegare vore styremedlem i to og eit halvt år og ho var også aktiv turnar i yngre år. Men ho presiserer at det berre var gruppeoppvisningar ho deltok i. I seinare år har ho av og til spela fotball på damelaget, seinast sist haust.

Firebarnsmora på 29 har for stutt tid sidan flytta heimatt til Klammeren.

- Kva kan ei ellers svært aktiv turngruppe venta seg av nye initiativ frå den nye leiaren?

- Vi har naturleg nok ikkje drøfta noko konkret i styret enno, det får vi ta etterkvart. I første omgang må målet vera å halda det gåande på det neverande nivået, som må seiast å vera høgt.
- Hege har gjort ein stor innsats og i styret sit det flinke jenter som sikkert har gode ideer. Det er forresten berre nokre veker sidan ei ny gruppe vart starta.
- Målsettjinga er jo som tidlegare å aktivisere ungdommen i bygda i størst mogeleg grad, seier Merete.

Ho er slett ikkje redd for å ta på seg krevjande oppgåver. Frå tid til anna har ho jobba i barnehagen i Uskedalen og no har ho søkt om plass på forskulelærarutdanninga på Stord frå hausten.

Turngruppa satsar forresten allereie laurdag på eit nytt tiltak: Barnekafe i Gamleskulen frå klokka 11 til 15. Der blir det teiknetevling under mottoet "Vår" og dei tre beste blir premierte. Ellers lokkar gruppa med servering av både lappar, bollar, vaflar, kaker, saft og kaffe!

Inntekta av kafeen går til innkjøp av meir turnutstyr.

Av Ola Matti Mathisen



Hege Lekva takkar for seg etter stor innsats. (Foto: Ola Matti Mathisen)